

Nordhordland Avis, 7. sept. 1901:

To dikt.


Dugleik

Dugleiken grunnas i ærleg manns ferd
i tenkjing, i stræv og i sanning.
Dugleiken ser ein i flid og i gjerd;
men inkje i lygn og i banning.
Mannen med dugleik er stadig og stø
i ferd og i gjerd og i tale,
med' vérhanen snur seg i nord og i «sø»
er med både visleg og gale

Sanning.

Ret aa gjera, sant aa segja
æras maa med takk og pris.
Einigheit den svært kan greida,
naar den skjer paa lovleg vis
Lygn og falskheit er diverre
snare ting aa gripa til;
men dei snart sin eigen herre
tungt paa halsen koma vil

I I Kaardal



Nordhordland Avis, 21. sept. 1901:

Ein liten vert stor

Du veit, at ein girug er huga paa peng
Han samla og lite vil øyda
Den fatige, veit du, um alle ting treng
og han kjem paa timen i møya
Og vert so ein liten i braahast for stor
fær magt til aa styra og stella
han vert inkje lenger den vesalle bror.
Det besta hjaa honom vil kvelda.

I I Kaardal

